



Austevoll kommune
Kommunehuset
5392 STOREBØ

Dato: 13.06.2017

Vår ref.: 2014/673-328

Saksbehandlar: eliwarr

Dykkar ref.:

Att. John Tveit

Kulturminneplanarbeid i Hordaland 2017 - Underretting om tildeling til Austevoll kommune

Det vert vist til dykker søknad dagsett 09.02.2017 om tilskot til kulturminneplanarbeid i 2017.

Hordaland fylkeskommune, utval for kultur, idrett og regional utvikling handsama saka på møte den 16.05.2017, sak 75/2017.

Dei vedtok å tildele dykk **kr 50 000,-** i tilskot til delprosjekt A, innlegging av prioritert kulturminne i Askeladden.

Grunngjeving

For 2017 var det 22 søknader og kr 1.400.000,- til fordeling. Samla søknadssum var kr 1.500.000,-.

Det kom inn mange gode søknader som fylte vilkåra for ordninga. Det har vore naudsynt å prioritera mellom kvalifiserte søkerar slik at nokre fekk avslag medan andre vart tildelt deler av summen det vart søkt om. Prioriteringa har vore gjort med utgangspunkt i føremålet for ordninga.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling har etter ei samla vurdering funne grunnlag for å prioritere delprosjekt A, innlegging av prioriterte kulturminne i Askeladden.

Det er positivt at Austevoll følger opp vedtatt kulturminneplan med å sette av eigne midlar til føremål. Fleire av tiltaka i delprosjekt B er viktig, men lite konkretisert. Nokre av tiltaka ligg utanfor ramma av kulturminneplanen. Dette gjeld innsamling av gamle foto, intervuprosjekt om kvardagsliv og forprosjekt for historieverk. Austevoll kommune bør utdjupe og konkretisere desse prosjekta og søkje aktuelle tilskotsordningar seinare. Avslag til delprosjekt B er dels grunna i manglende midlar for alle tiltak og at tiltak ligg utanfor ramma av tildeling for kulturminneplanmidlar.

Vikår for tilskotet

Det vert stilt krav om:

- Deltaking på fylkeskommune sitt Askeladden-kurs hausten 2017
 - Innlegging av prioriterte kulturminne i kommunen i Askeladden
 - Kommunen pliktar å underrette fylkeskommunen skriftleg dersom prosjektet ikkje kan gjennomførist etter planen. Tilskotsmottakar skal varsle fylkeskommunen om vesentlege endringar i høve til søknaden. Det er ein føresetnad at slike endringar vert godkjend av fylkeskommunen.
- Fylkeskommunen tek etterhald om at midlane kan krevjast tilbake, heilt eller delvis, dersom prosjektet ikkje vert gjennomført etter føresetnadene.

Utbetaling

Utbetaling av tilskot skjer gjennom elektronisk faktura i EHF-format.

Elektronisk fakturaadresse: 9908:938626367

Ressursnr: 10608

Beløpet vil bli utbetalt når Hordaland fylkeskommune har mottatt og handsama EHF-faktura med korrekt merking: **ressursnummer 10608 og saksnummer 2014/673**. Dette må skje seinast 01.10.2017. De har ansvar for å kontrollera at utbetalt sum er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Rapportering og kontroll

Rapporten skal sendast til hfk@hfk.no og merkast med **saksnummer 2014/673**.

Førebelgsrapportering til fylkeskommunen om utført arbeid innan 01.12.2017

Endelig rapport og rekneskap innan 3 månader etter at tiltaket er gjennomført seinast 01.06.2018.

Rapporten skal gje ein kortfatta skildring av prosjektet som inkludere:

- Kven som har gjennomført arbeidet
- Tal på nye kulturminne/kulturmiljø som kommunen har registrert i Askeladden
- Rekneskap m/oversikt over kostnader og finansiering
- Eventuelle avvik frå vilkåra eller søknadsgrunnlag med nærmare grunngjeving

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor skal ha rett til tilkomst til tiltaket og innsyn i rekneskap og dokumentasjon i slik grad som fylkeskommunen og revisor finn naudsyn av kontrollomsyn

Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg partsinteresse kan klaga på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Klagemynde er Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune. Klaga skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klaga må innehalda opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at De etter forvaltningslova har rett til å gjera Dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør, kultur, idrett

David Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.